

«Kapitulasjon» i 1948

103376

Ytring

Den 9. juni 1940 gjekk den tyske overkommandoen i det okkuperte norske området utan vidare ut frå at den norske regjeringa omsider ville kapitulera, og at den norske staten dermed ville gå ut av krigen. I samsvar med dette laga dei utkast til kapitulasjonsavtale. Dette vart gjort i Trondheim, på hotell Britannia. Den høgaste tyske sjefen, Falkenhorst, var i Oslo, men stabssjefen, Buschenhagen, heldt til i Trondheim, og dit skulle den norske forhandlaren koma om morgonen den 10. juni. Det var Ragnvald Roscher Nielsen.

Tyskarane i Trondheim laga då utkast til ein avtale om fullstendig kapitulasjon. Det er ingen språklege problem med hovudformuleringa i slike avtalar. Dei har sitt faste formverk. Tyske militære har skrivne under mange slike, både som vinnarar og som taparar. Den faste formelen konstaterer at den som kapitulterer, legg ned våpna for sine styrkar «til lands, til sjøs og i lufta». Slik stod det og i det første utkastet: «Die norwegischen Streitkräfte zu Land, zu Wasser und in der Luft legen die Waffen nieder». Dette utkastet gjekk så over fjernskrivarsambandet til Oslo, til drøfting der; det kom fram klokka 20.30 den 9. juni, og er lett tilgjengeleg i tyske militærarkiv.

I staben sin hadde Falkenhorst mellom anna ein rettskynig medarbeidar, dr. Dobinsky, som i denne samanhengen bar tittelen «Oberkriegsgerichtsrat». Det var først og fremst han som måtte granska formverket. Utkastet gjekk attende til Trondheim same kvelden, frå Oslo klokka 22.15. Det var gjort nokre små endringar, men hovudformelen stod urørt, slik den er sitert ovanfor. Dersom den hadde vorte ståande, så hadde det aldri vorte snakk om omsettingsproblem. Det er eit eintydig og velkjent ordlag, det står for fullstendig kapitulasjon.

Spørsmålet er: kvifor vart det endra? Korleis kom det inn andre formuleringar som ikkje er vanlege, og som det jamvel kan reisas tvil om? For å forstå dette må ein venda seg til forhistoria på norsk side.

Den 7. juni gav Forsvarsdepar-

tementet sin instruks til Overkommandoen om det som no måtte gjerast, og der heiter det mellom anna:

«Da de allierte stridskrefter forlater Norge, og da det har vist seg umulig å skaffe det nødvendige krigsmateriell, må også vår egen motstand mot fienden her i Nord-Norge opphøre for å spare denne landsdel for ytterligere ødeleggelser. Kongen og Regjeringen med overkommandoen for Hæren og Marinen vil fra et sted utenfor Norge vareta landets interesser under den pågående krig som fortsetter på andre fronter.

Forsvarets overkommando ordner avviklingen av de gjenværende norske stridskrefter på en slik måte at landsdelen og dens befolkning, deri innbefattet de militære avdelinger som oppløses, får minst mulig ulemper av denne situasjonsendring. Forsvarssjefen skal herunder samarbeide med de sivile myndigheter.

Sjefen for 6. Divisjon følger Konge og Regjeringen.

Marinen flyttes til et annet operasjonsfelt overenstemmende med ordre fra Sjøforsvarets overkommando i den utstrekning denne bestemmer.»

Dette vil seia at:

1. det er motstanden «her i Nord-Norge» som skal stansa
2. og «den pågående krig» held fram «på andre fronter»
3. Overkommandoen skal avvika «de gjenværende norske stridskrefter»
4. og andre stridskrefter skal «flyttes til et annet operasjonsfelt» - (slik vart det og gjort, etter ordre).

Så langt Forsvarsdepartementet - det skal meir enn fantasi til for å tolka dette som ein norsk kapitulasjon. No kom turen til Forsvarssjefen, Otto Ruge, som skulle avvika «de gjenværende norske stridskrefter» etter at Konge og Regjering med fylgje hadde flytta ut or landet.

Ruge instruerte sine to forhandlarar, Roscher Nielsen til Trondheim og Wrede Holm til Narvik-området. Wrede Holms nedskrift finst endå, og lyder slik:

«1. Legg ikkje skjul på at vi er i deres makt og er under full demobilisering.

2. Skal meddele at Konge og Regjeringen, samt Marinen og Flygevåpnet har forlatt landet

og at Norge som stat er og vil fortsette å være i krig med Tyskland, men at general Ruge har fullmakt til å ordne alt som gjelder tyskernes overtagelse av den faktiske makt i Nord-Norge».

Begge dei norske offiserane har gjort utførlig greie for korleis dei bar fram denne bodskapen, slik som Ruge hadde pålagt dei, og klårare kan det vel ikkje seias at det ikkje var tale om nokon kapitulasjon.

Skulle nokon trengra meir stadfesting, så finst den i full mål og på den tyska sida. Det gjekk nemleg eit telegram frå den tyske overkommandoen her i landet til overkommandoen i Tyskland om morgonen den 10. juni, og der heiter det, i omsetjing, mellom anna:

«Så langt ein har oversyn til denne tid, legg forhandlarane avgjerande vekt på at trass innstillinga av stridane i Noreg varer krigen ved. Dette vert understreka ved det at dei norske sjø- og luftstridskreftene har forlate Noreg saman med dei allierte». Meldinga vart motteken i Tyskland klokka 10.35 den 10. juli.

I mellomtida sat Roscher Nielsen og venta på at drøftingane skulle ta til. Då dei så omsider kom i gang, fekk han lagt fram for seg eit utkast der ordlyden var endra. Det stod ikkje lenger norske stridskrefter «zu Land, zu Wasser und in der Luft». I staden hadde det kome inn ei uvanleg og udefinert formulering: «die gesamten norwegischen Streitkräfte».

Slik heng det saman. Då den klare meldinga kom, at den norske regjering ikkje hadde kapitulert, at den norske staten heldt fram med å vera i krig med Tyskland, då tok tyskarane sjølv sagt ut kapitulasjonsformelen. Kva anna kunne dei gjera? Skulle dei til dømes la det stå på papiret at luft- og sjøstridskrefter hadde kapitulert, når dei nettopp hadde fått greie på at desse kreftene var på veg til Storbritannia for etter evne å føra krigen vidare?

Det er ingen tvil i denne saka. Den norske regjering kapitulerte ikkje, og det visste tyskarane. Svaret på slike historiske spørsmål finn ein ikkje ved å slå i ord-bøker, men ved å klårleggja kva som verkeleg hende.

Magne Skodvin,
Oslo.